



Bygg Prosjekt AS  
Fantoftvegen 14P  
5072 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6243 - 20/16112

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
24.03.2020

## **Førebels svar informasjon om vidare handsaming - gbnr 134/471 Hilland**

Tiltak: Felt 6 - bustad 44-46  
Byggjestad: Gbnr: 134/471  
Tiltakshavar: Alversund Utvikling AS  
Ansvarleg: Bygg Prosjekt AS  
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.03.2020.

Vi viser til vedtak om rammeløyve gjeve 27.01.2017, og igangsettingsløyve grunn- og betongarbeid datert 07.02.2019.

Vi viser vidare til sak 20/6150 røyrleggjarmelding for tilkobling til kommunalt anlegg og svarbrev i same sak datert 03.03.2020 der det er opplyst følgjande:

### **Ikkje godkjent. Rørleggermelding - gbnr 134/471 Hilland**

For at ein skal kunne knytte til desse boligane, må hovudleidningar leggjast om. Endeleg teknisk plan for dette er ikkje godkjent. Endeleg teknisk plan for ferdigstilling av hovud anlegg for VL,SP og OV må utarbeidast, og sendast inn for godkjenning. Når teknisk plan er godkjent, og arbeid er utført og godkjent, kan ein søkje om tilknytting for desse boligane.

Vi viser forøvrig til dykkar skriv datert 28.02.2020 (vedlegg F4 i saka). Vi vil tilrå at de går i dialog med avdeling for vatn og avløp med omsyn til om korvidt det kan gjevast løyve til igangsetting etter ei førebels uttale.

Det er eit vilkår i rammeløyve datert 21.01.2017 at det skal liggje føre godkjent påkoblingsløyve før det vert gjeve igangsettingsløyve til tiltaket. Påkobling til kommunalt vatn- og avløpsanlegg er ei privatrettsleg avtale og skriv frå avdeling vatn- og avløp datert 03.03.2020 viser at førsetnadar gjeve i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2 ikkje er innfridd.

Søknad om igangsettingsløyv for resterande delar av tiltaket kan ikkje handsamast før det ligg føre løyve til påkobling, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

**Vi ber om skriftleg tilbagemelding på om de ønsker å trekke søknaden. Frist for tilbagemelding vert sett til 21.04.2020.**

Dersom de vel å trekke søknaden vert det fakturert eit redusert gebyr. Vi gjer merksam på at dersom vi ikkje høyrer frå dykk innan fristen vert saka avslått med fullt gebyr.

Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Alversund Utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

**Mottakarar:**  
Bygg Prosjekt AS

Fantoftvegen 14P

5072

BERGEN